



DEN NORSKE KYRKJA

Balestrand sokn

MØTEBOK Balestrand sokneråd (SR).

Møtedato: 24 11 21

Møtetid: Kl. 18:30-21:30

Møtestad: Kvikne hotell.

Desse møtte: Kari Kvikne (leiar), Anne Karin Solheim Sjøthun, Berit Støle, Jenny Kristin Menes, Laila Vang, Ole Eilifsen, Kristi Nygård, Helge Ulvestad

Forfall: Per Tusvik, Kjetil Netland, sjukemeld.

Vara: Geir Sørebo, vikarprest.

Saker:

61/21: Godkjenning av innkalling.

Ingen merknad

62/21: Godkjenning av referat frå førre møte.

Vedlegg: referat møte 30 10 21

Ingen merknad.

63/21: Orienteringssaker:

- Andaktsliste, Balestrand Helsetun.
- Deling av info om høyringsuttale, kyrkjeleg organisering.
- Referat frå møte i diakoniutvalet den 09.11.21
- REgistrerin av samtalar diakoni
- Referat frå fellesrådet 20 10 21
- Referat frå utval for kyrkjelydstur den 11-13.02.21
Søknad om støttemidlar til OVF til kyrkjelydsweekend
- Søknad om støttemidlar til OVF til Via Lucis.

Orienteringane vart tekne til vitande.

64/21: Hauge førestilling (feiring av 250 års jubileum, Hans Nilsen Hauge – fortsetjing av sak 55/21 den 30. september)

Vedlegg: reglar for betaling for bruk av kyrkjene.

Vedtak frå 30.09:

Soknerådet ynskjer å gjennomføre arrangementet i samarbeid med pensjonistlaget.

Framlegg til pensjonistlaget:

For å unngå kollisjon med hausttakkefest på Sygna, vert søndag den 31. oktober valt.

Soknerådet stiller kyrkja til fri disposisjon. Inngangsbillettar går til kyrkja

(oppvarming, reingjering), honorar delast likt mellom pensjonistlaget og soknerådet.

Kari kontaktar pensjonistlaget.

I ettertid er førestillinga av praktiske grunnar flytt til over nyttår.

I vedlegget finn ein info om førestillinga frå (Frode Storhaug, Hauge forestilling), framlegg til møtedato og info om praktisk tilrettelegging.

Vidare er vedlagt plakat frå tidlegare førestillingar (Hauge forestilling).

Vi må ta vidare stilling til gjennomføring av førestillinga:

- Val av dato ut frå framlegg i vedlegget.
- Plakatar/info om førestillinga.
- Kven stiller for praktisk tilrettelegging.
- Kven kan vere kyrkjevert(ar)?
- Intro/avrunding av kvelden frå SR / pensjonistlaget til førestillinga.
- Balestrand songlag delta? (Avslutning med *Breda dina vida vingar* frå galleriet?).

Framlegg vedtak:

- tidspunkt for arrangementet: 06.03.22
- Vidare planlegging startar i neste møte.

Framlegg til vedtak samrøystes vedteke.

65/21: Retningslinjer for utleige av Tjugum kyrkje og reglar om betaling for bruk av kyrkjene.

Jf vedlegg_

- *Retningslinjer for utleige av Tjugum kyrkje og*
- *Reglar om betaling for bruk av kyrkjene.*

Soknerådet går gjennom retningslinene og gjer evt endringar.

Framlegg til vedtak: Saka utsett.

Samrøystes vedteke.

66/21: Retningslinjer for Kvamsøy kyrkje gåvefond.

Viser til utkast til retningslinjer utarbeida av eiga nemnd.

Nemnda hadde flg utkast til retningslinjer:

1. *Etter lov om stiftelser* er det ikkje krav om at fond for kyrkjer, gravplassar og andre verdiar som soknet eller trussamfunn eig, skal registrerast i Brønnøysund. Dette framgår av lova, § 6. Nemnda tilrår difor at det ikkje vert oppretta legat etter lov om stiftingar.
- 2 Saldo pr september 2021 er kr 453498.- Nemnda tilrår for å sikre fullfinansiering av større rehabiliteringsarbeid, at kr 225 000,- vert nytta som del av fellesrådet sin delfinansiering, evt. som forskot på fellesrådet sin eigendel av tildelt statstilskot i juni 2021.

3 Vidare midlar frå gåvefondet kan nyttast innfor:

- Påkomande kostnader med utstyr og anna inne i sjølve kyrkjerommet / våpenhus.
- Påkommande kostnader med utstyr og anna kring kyrkja for å ivareta området som tenleg for dei som brukar kyrkje og kyrkjegard.
- Påkommande kostnader/delfinansiering av tilkomst til kyrkja inkludert kaiområde.

All bruk av fondet skal handsamast i soknerådet og kostnadane skal vurderast opp mot offentleg finansieringsansvar.

Soknerådet drøfta saka på bakgrunn av framlegg frå nemnda. som har utarbeida framlegg til retningslinjer. Rådet valde å ta ut punkt 2 som omhandlar konkret bidrag til fellesrådet sin eigendel i samband med større vedlikehald i regi av riksantikvaren som omtala i saka.

Under debatten kom det fram at det er ynskjeleg om området langs vegen til kyrkja hadde blitt rydda. Soknerådet vil drøfte dette med grunneigar og vurdere dette i samband med vårdugnad.

Soknerådet vedtek følgjande

Retningslinjer for Kvamsøy kyrkje gåvefond:

1. *Etter lov om stiftelser* er det ikkje krav om at fond for kyrkjer, gravplassar og andre verdiar som soknet eller trussamfunn eig, skal registrerast i Brønnøysund. Dette framgår av lova, § 6. Nemnda tilrår difor at det ikkje vert oppretta legat etter lov om stiftingar.
2. Vidare midlar frå gåvefondet kan nyttast innfor:
 - Påkomande kostnader med utstyr og anna inne i sjølve kyrkjerommet / våpenhus
 - Påkommande kostnader med utstyr og anna kring kyrkja for å ivareta området som tenleg for dei som brukar kyrkje og kyrkjegard.
 - Påkommande kostnader/delfinansiering av tilkomst til kyrkja inkludert kaiområde.

All bruk av fondet skal handsamast i soknerådet og kostnadane skal vurderast opp mot offentleg finansieringsansvar.

På bakgrunn av retningslinjene gjorde soknerådet vedtak om følgjande løyving:

Saldo pr september 2021 er kr 453498.- Soknerådet vedtek, for å sikre finansiering av større rehabiliteringsarbeid, at kr 225 000,- vert nytta som del av fellesrådet sin eigendel av statstilskot tildelt i juni 2021.

Samrøystes vedteke.

67/21: Høyringsuttale for ny organisering av Den Norske Kyrkja.

Soknerådet tok utgangspunkt i fellesrådet sin uttale som vart gjennomgått og endra på nokre få punkt. Uttalen vart sendt inn same kveld, halvannen time før høyringsfristen gjekk ut.

66/21: Orgelet i Tjugum kyrkje, behov for reperasjon.

Vi har fått tilbakemelding frå organist Arild Slinde og Hallgeir Øgaard Slinde i Sogndal etter at dei har brukt orgelet. Det dei trekker fram tyder på at det er ei utvikling i negativ lei i høve til vedlikehaldsbehov. Dei ber soknerådet vurdere situasjonen og evt starte innsamling for å ta deler av kostnadane som er antyda til over ein million.

Legg innspelet frå organistane er saksa inn under og legg saka fram til vurdering.

Framlegg til vedtak:

Saka vert utsette til neste møte.

Samrøystes vedteke.

67/21 Ymse:

Sak om kyrkjelydstur:

Jenny er leiar i plannemnda for kyrkjelydshelga og har sendt mail med orientering og oversyn over prisar. Det er sendt søknad til OVF om støtte til helga slik at prisane kan senkast. Før ein veit svar på søknaden, er det vanskeleg å vite kva pris ein kan sette.

Utover dette, kan det vere aktuelt med støtte frå offerinntekter til 'eige arbeid'.

Vedtak:

I invitasjonen til helga vert nytta dei prisar som Lyngmo tek for dei ulike grupper med informasjon om at prisane kan bli rimelegare avhengig av kor stor støtte ein får frå OVF, evt brukar frå offer til 'eige arbeid'.

Med venleg helsing
Kari Kvikne
-leiar-